



Til Grendalag, bygdelag og velforeiningar som har leikeplassar/utstyr på offentlig grunn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3130 - 14/7788

Saksbehandlar:

Therese Urdahl Braseth

Therese.Braseth@lindas.kommune.no

Dato:

04.04.2014

Orienteringsbrev - privat oppsetjing av leikeutstyr på kommunal grunn

Dette brev vert sendt ut til alle velforeiningar, grendalag og bygdelag i kommunen. Vi beklager viss dette ikkje er relevant for Dykkar organisasjon ihøve til innhaldet i brevet.

Velforeninga/grendalaget/bygdelaget har på eige initiativ, etter løyve frå Lindås kommune, skaffa og satt opp leikeutstyr på kommunal grunn.

Grendalaget/bygdelaget/velforeninga er eksklusiv eigar av leikeutstyret.

Kommunen har ingen innvendingar mot dette.

Vi ser likevel at det i enkelte tilfelle har kome førespurnad til kommunen med spørsmål i samband med vedlikehald av leikeutstyret.

Vi ynskjer derfor å presisere følgjande:

Ansvar for tilsyn og vedlikehald av leikeutstyret er regulert i føresegne om sikkerheit ved leikeplassutstyr av 1996, «leikeplassføresegne», med heimel i produktkontrollova § 4.

Av leikeplassføresegne § 16, følgjer at

«Den som skaffar eller eiger leikeplassutstyr er ansvarlig for jamleg ettersyn og nødvendig vedlikehald, slik at utstyrets sikkerheitsegenskapar vert halde ved lag.»

Kommunen vil fortsatt tillate at allereie utplassert leikeutstyr vert ståande på kommunal grunn.

Vi vil nytte høve til å presisere føresetnaden som har lagt og fortsatt ligg til grunn for løyvet.

- At utstyret fjernast av foreininga/laget på eigen rekning, dersom kommunen seinare skulle få behov for å nytta tomta
- Klage eller andre forhold gjer det ynskelig for kommunen at utstyret fjernast.
- At foreininga/laget har eineansvar for tilsyn og vedlikehald av utstyret.
- At tilsyns- og vedlikehaldsplikten vert vareteke på ein måte som sikrar at utstyret til kvar tid er i god stand og ikkje utgjør noen fare ved bruk.
- At foreininga/laget tar det fulle og heile ansvar for skader forårsaka ved bruk av utstyret.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Therese Urdahl Braseth
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Til Grendalag, bygdalag og
velforeiningar som har
leikeplassar/utstyr på offentleg
grunn